



*Ulla Skulehus Haramsey  
Skjipa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## Styremøte Ulla Skulehus 5. august 2009

Møtestad: Kitta-huset på Ullahammaren

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Grethe Flem Ulla og Peder Ulla

### **Sak 20 2009/2010**

#### **Godkjenning av referat**

Referat frå møte 28.6.2009 vart godkjent.

### **Sak 21 2009/2010**

#### **Godkjenning av sakliste med tilføyingar**

Saklista for møtet vart godkjent med tilføyingar.

### **Sak 22 2009/2010**

#### **Forsikring**

Vi vart samde om å forsikre skulehuset. Knut tek kontakt med Gjensidige. Knut sender tilbodet til Peder og Grethe.

### **Sak 23 2009/2010**

#### **Rekneskapsåret**

Vi vart samde om at dette ikkje trong følgje kalenderåret og sette 1.mai som startdato.

### **Sak 24 2009/2010**

#### **Fargeval inne og ute**

Brit Heggenhougen ville undersøkje kva som tradisjonelt har vore vanleg. Vi avventar dette.

### **Sak 25 2009/2010**

#### **Restaurering av utdør**

Martin Nystad som har ansvaret for restaureringa av nausta, ville sjå på døra. Dette arbeidet har enno ikkje kome i gong.

### **Sak 26 2009/2010**

#### **Medlemsverving**

Vi vart samde om å gå litt meir aktivt ut. Dele ut bankgiroar og visittkort til dei som har ei tilknytning til Ulla, oppfordre medlemmar til å få med andre kjenningar og slekt. Bruke e-post og liknande. Sende ut giroar til medlemmane ved nyttår.

### **Sak 27 2009/2010**

#### **Formalitetar**

Tinglysing av festeavtalar og skøyte på skulehuset må gjerast. Underskrift frå Kirsti Ingelsrud og Andreas Ulla må innhentast. Knut snakkar med Andreas. Registrering i Brønnøysundregisteret er eit anna krav. Knut hadde med skjema som vi skreiv under. Søknad vert sendt.



*Ulla Skulehus Haramsey*  
*Skjpa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

**Sak 28 2009/2010**

**Ymse**

Knut har kjøpt inn leidningar og vass-slangar som rekk til "Metti"-huset. Desse vert lagra på "lærarrommet". Rommet bør kunne låsast, ev med hengelås.

Grethe Flem Ulla  
Skrivar